



Artistane i kyrkja i går kveld, tre profesjonelle musikarar og to unge lovande sysken

Det var ein sjeldan vakker konsert med stor variasjon vi fekk vera på i kyrkja søndag kveld. Med tre profesjonelle musikarar på internasjonalt nivå og syskena Avrora ( 5 år ) og Artur ( 7 år ) Zimin, vart konserten spesiell og minnerik. Klassisk konsert med innslag av jazz er ikkje noko vi høyrer så ofte i Uskedalen. Soknerådet med Thor Inge Døssland i spissen var tilskipar, eit godt val i ein konsert med sikker regi og presis gjennomføring.

Ettersom konserten har fått god og utførleg førehandsomtale, vel vi i dette innlegget å ta med nokre glimt frå det som må seiast å vera ein innertiar av konsert i kyrkja.



Pianisten Yuko Shuto tolkar Grieg betre enn mange. Her spelar ho Trolldhaugens Brullupsmarsj.

Konserten opna med Tears of Pachelbel med Dmitrii Kuzmin på tuba og Kirill Zimin på saksofon, ei enkel, men stemningsfull framføring. Musikk av J.S. Bach, solo på cello framført på tuba var ei spesiell oppleving.

Solstråla frå Japan Yuko Shuto lovprisar Kvinnherad. Ho er pianist og spelar Grieg på høgde med dei beste norske pianistane. Heime i Japan på ungdomsskulen starta skulen kvar dag med Morgenstemning frå Peer Gynt suite. I kyrkja spela ho to komposisjonar av Grieg, mellom anna Trolldhaugens Brullupsmarsj frå Lyriske stykke for soloklaver.

Gjestene på konserten var syskena Avrora ( song ) og Artur ( trommer ). Vi fekk høyra to jazzlåtar. Ein av dei var All of me, ein sikker vinnar blant publikum.

Konserten i Uskedalen i går synte at Kulturskulen med sine lærarar er ein stor ressurs for kulturlivet i Kvinnherad. Dette må brukast i samspel og samarbeid med resten av musikklivet i kommunen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal



Far og son, Kirill og Artur Zimin, framfører jazz med Yuko Shuto på klaver.